

Budsjettkalender

Innan utgangen av mars:

Budsjetttrundskriv med oversyn over milestolpar gjennom året. I rundskrivet bør det særleg fokuserast på "vårarbeidet" med avdelingane sitt prioriteringsarbeid, jf. nedanfor.

Innan utgangen av april:

Budsjettseksjonen lagar førebels inntektsføresetnader. Med utgangspunkt i vedteke investeringsbudsjett i økonomiplanen og førebels inntektsføresetnad, vidarefører/oppjusterer budsjettseksjonen investeringsbudsjettet. Utkastet vert drøfta med avdelingane, før drøfting i økonomiringen og fylkesrådmannen sitt leiarmøte.

Innan 15. mai (eller før Kommuneproposisjonen):

Oversyn over utfordringar avdelingane står overfor dei næraste åra i form av eit notat. Notatet skal på tiltak ved to rammealternativ:

- a) forslag til omprioriteringar ved nullvekst i budsjetttramma
- b) forslag ved reduksjon av budsjetttramma med 2% av brutto driftsbudsjett

Kommuneproposisjonen vert som regel lagt fram midt i mai. Innhaldet i den vil vera førande for reviderte inntektsføresetnader som budsjettseksjonen utarbeider. Kommuneproposisjonen kan også ha andre føresetnader som ein må ta omsyn til i budsjettarbeidet.

Innan utgangen av mai:

Drøfting i fylkesrådmannen sitt leiarmøte av verknadene av Kommuneproposisjonen og gjennomgang av avdelingane sine prioriteringar. Drøftinga bør munna ut i kva innretning budsjettseksjonen skal ha på innhaldet i rammesaka.

Innan 10. juni:

Utkast til rammesak til drøfting i fylkesrådmannen sitt leiarmøte med etterfølgjande utsending til fylkesutvalet.

Informasjon om budsjettarbeidet på info- og drøftingsmøtet med tillitsvalde.

Innan 30. juni:

Fylkesutvalet vedtek budsjetttrammene for dei ulike områda i budsjettet. Avdelingane får melding om fylkesutvalet sitt vedtak.

Innan 1. september:

Avdelingane sine budsjettforslag skal leverast til budsjettseksjonen.

Innan 1. oktober:

Avdelingsvise budsjettdrøftingar med budsjettseksjonen. Det samla budsjettgrunnlaget vert drøfta i økonomiringen og i fylkesrådmannen sitt leiarmøte.

Om lag 1. oktober:

Budsjettgrunnlaget vert lagt fram.

Perioden 5. – 10. oktober:

Statsbudsjettet vert lagt fram.

Innan 15. oktober:

Budsjettseksjonen legg fram for avdelingane oversyn over endringar i rammer og føresetnader i budsjettgrunnlaget som følgje av statsbudsjettet.

Innan 1. november:

Avdelingsvise drøftingar av endringane som følgje av statsbudsjettet med budsjettseksjonen. Utkast til revidert budsjettgrunnlag vert drøfta i økonomiringen og i fylkesrådmannen sitt leiarmøte.

Om lag 1. november:

Revidert budsjettgrunnlag vert lagt fram.

November:

Budsjettdrøftingar i HAMU og politiske utval. Budsjettinnstilling frå fylkesutvalet.

Desember:

Budsjettvedtak i fylkestinget.